



2024/
2025

- Vikingliv
- Kunst-Foto-Glas-Reise
- Musikal West End
- Bu og Fritid
- Movement X,
Performing arts
- Kreativ saum og strikk
- Friluftsliv – All inclusive
- Friluftsliv i samarbeid
med Røde Kors
- Hest:
 - Allsidig hestesport
 - Hest Ride- og køyresport
 - 2. året

Velkommen til Fjordane folkehøgskule!

Velkomen til Fjordane folkehøgskule, vår eigen hjartestad i Stad kommune! Ein skule med 11 unike linjer, med eit stort spenn frå musikal og sirkus, innom kunst og hesteliv, til vikingliv, fjell, friluft og førstehjelp.

Til saman blir dette til eit fargerikt fellesskap med stort mangfald, der kvar enkelt elev og tilsett er ein viktig brikke i dette fellesskapet. I løpet av eit folkehøgskuleår oppstår det gjerne venskap for livet, eller du finn gode vener som du kan dele felles opplevingar, gleder – utfordringar – slitsame dagar og oppturar med.



Fjordane folkehøgskule er staden som for mange betyr nettopp den kjensla av ein stad å høyre til. Her får du stor fagleg breidde og høg fagleg kvalitet gjennom rettleiing av dyktige og kompetente lærarar. Dei er ikkje berre gode faglærarar, men dei ser deg for den du er, og er opptatt av å utvikle deg som person saman med alle dei andre elevane på skulen.

Du er hjarteleg velkomen til oss!

Helsing,
Silvia van Hesik Førde
Rektor

Våre linjer



Friluftsliv All-inclusive



Kreativ saum og strikk



Vikingliv



Allsidig hestesport



Movement X



Musikal – West End



Bu og fritid



Kunst – Foto – Glas – Reise



2. års hestesport



Friluftsliv i samarbeid med Røde Kors



Hest Ride- og køyresport



Fellesfag

Friluftsliv All-inclusive

Linja for deg som er glad i å bruke naturen!

Rå natur, spenning, meistring og samhald - All inclusive! Opplev Vestlandet: Frå bølgesurfing ytterst ute i havgapet til brevandring innerst i fjorden - og alt i mellom. Fjordane folkehøgskule ligg midt i regionen Nordfjord som er kjend for nokre av dei vakraste strendene, dei flottaste bølgene og dei kjekkaste fjelltoppane i landet. Den varierte naturen og tydelege årstidene gir oss uante moglegheiter til å utforske elementa og oss sjølve i samspel med naturen. Saman skal vi utforske spektakulære fjell, mystiske skogar, leikne surfebølger og djupe fjordar!



Friluftslivet på Fjordane

- Surfing
- Klatring
- Padling
- Elv
- Topptur
- Bre
- Segling
- Sanking
- Vinterskog
- Vinterfjell
- Kystkultur
- Kart og kompass
- Førstehjelp

Kurs og sertifikat:

- Brattkort
- Våttkort
- Skredkurs
- Grunnkurs i brevandring og kameratredning





Friluftsliv i samarbeid med Røde Kors

Friluftsliv med ekstra mening

På Friluftsliv i samarbeid med Røde Kors skal vi nyte fjellet på topptur, køyre puddersnø på ski, overnatte i snøhole og under stjernehimmelen. Vi skal krysse Jostedalsbreen og dei østerrikske alpane, filosofere rundt bålet og surfe i Hoddevika - samtidig som vi har eit fokus på tryggleik, førstehjelp og trening på søk og redning i naturen.

To friluftslivlinjer som samarbeider godt

Saman med linja Friluftsliv All-inclusive skal vi utforske den varierte og utrulege naturen på Nordvestlandet. Fjord, fjell og hav blir naturlege kulissar – og markørar kan dukke opp når du minst anar det! Mykje av undervisninga går føre seg i fellesskap mellom dei to linjene, men Hjelpekorpsdelen får du berre her.

Bli ein førstehjelpar!

I løpet av året skal vi få innføring i førstehjelp og redningsarbeid. Vi skal saman gå gjennom Hjelpekorpsoppplæringa til Røde Kors. Det betyr at vi kan bli med i aksjon dersom alarmen går!

RØDE KORS OG HJELPEKORPS

Røde Kors er ein frivillig organisasjon som er til stades for menneske som treng støtte og hjelp. Gjennom å vere frivillig i Røde Kors, skal vi saman jobbe for ei rausare og varmare verd! Eit hjelpekorps blir gjerne kalt ut for å støtte og bistå i redningsarbeid dersom nokon er sakna. Kvar år hjelper Hjelpekorpsset over 1000 menneske som har gått seg bort eller skada seg på tur.

SØK OG REDNING

For å inngå i Hjelpekorpsset får vi opplæring i søk og redning. Her lærer vi metodar for å søke etter sakna personar, både på barmark og på vinterstid. Vi skal bli utfordra og lære å meistre krevjande forhold i skogen og til fjells, og bli trygg på egne ferdigheiter.

KART OG KOMPASS

Å kunne orientere seg i terrenget er avgjerande for å ferdast trygt i naturen og for eit godt hjelpekorps. Vi skal lære å navigere under krevjande forhold, og brukar kart og kompass aktivt når vi er på tur.

Nærturar for friluftsliv-linjene

Friluftsliv All-inclusive og Friluftsliv i samarbeid med Røde Kors skal saman utforske fjord, fjell og hav på Nordvestlandet. Vi drar på mange dagsturar, men også nokre lengre turar i nærområdet med overnatting ute.

Overnattingstur "På villspor"

Å kunne orientere seg i terrenget er avgjerande for å ferdast trygt i skogen og på fjellet. Kart og kompass kjem vi difor til å bruke aktivt når vi er på tur. På denne turen får vi utfordra oss sjølve når skal vi finne tilbake til skulen fra ein ukjend stad i fjellet!

Overnatting i "Finsesatelitt"

Vinterfjellet kan vere både vakkert og brutalt. Tryggleik og skredlære er sentralt i undervisninga. Vi drar på ein tre-dagars tur, der vi lagar vår eigen Finsesatelitt - eit undersnøisk hotell med intrikate gangar mellom romma.

Overnatting på fjelltopp

Har du lyst til å sovne til solnedgangen, vakne opp til soloppgangen; med stjernehimmelen midt i mellom?

Telemark

Vi skal lære den edle og tradisjonsrike kunsten å køyre med laus hæl, og kjenne på røyrlefridomen nedover den mjuke laussnøen og preppa løyper med fjellski.

Måneskinntur

Når månelysset skin med sitt dempa og sarte lys, og kastar skuggar på eit kvitt snødekke, skal vi liste oss ut under ein fullmåne og bli kjend med natta sin skjulte dynamikk.

Kråkenes fyr

Du har kanskje høyrte uttrykket "Storm ved Stad", men har du opplevd det? Når det bles opp til skikkelig ruskevêr, snik vi oss til ei natt ved Kråkenes fyr, heilt ut mot havet. Her skal vi kjenne på dei store naturkreftene, og la havet og vinden ta pusten frå oss.

Linjetur:

Frå Fjordane til Alpane

Klatring, rafting, stisykling, togtur gjennom Europa, vandring i Tyrol og besøk i Innsbruck. Bli med på linjeturen du aldri kjem til å gløyme! Fjordane - Østerrike - Fjordane på 14 dagar!

Vi reiser langsamt og miljøvennleg med tog nedover i Europa. Vandreruta gjennom Europas største fjellmassiv er ein 5-6 dagars "high altitude trail" i Tyrol – i hjartet av Alpane. Kvar kveld søv vi på fjellhytter, "Almar", der vi får servert mat og ei seng å sove i.

Etter dagar med vandring på over 2000 meter høgde, utforskar vi den alpine byen Innsbruck, og vidare Oetzal. Der blir basecamp, medan vi klatrar, raftar og sti-syklar. Etter to veker med unike natur- og kulturopplevingar i bagasjen, flyr vi heim til Noreg.

Linjetur:

Josten på langs

Sjølveste klassikaren blant vår-skiturar. Dette er skitur, topptur, bretur, telttur og langtur i eitt. Turen startar innerst i Jostedalen, og går over heile Jostedalsbreen, Europas største isbre.

Gjennom året skal vi saman lære oss korleis vi blir i stand til å vere ute over lengre periodar, trekke pulk, bli stødige på ski og bu tett saman i telt på vinteren. Gle deg til 5 dagar i eventyrlege Jotunheimen med ski og pulk! Du får oppleve storslått natur og testa grensene dine i trygge rammer saman med læraren din og medelevarane dine.

Den ultimate turen for å avslutte ditt beste år..!



@ida_vangen03



@ida_vangen03



Kreativ saum og strikk

Drøyer du om å sy og strikke dine egne kle, vere i eit kreativt miljø og finne din eigen stil? Du lærer ulike teknikkar og lagar di eiga garderobe. Vi er klimamotivert, redesignar og gjenbrukar

Saum

Du lærer du å sy dine egne kle heilt frå scratch. Linja har eige syrom som er ope dag og kveld.

- Du får konstruere mønster tilpassa din eigen kropp
- Sy av metervare etter ferdige mønster
- Lære ulike sy-teknikkar



Strikk

Når ein skal lage sin eigen garderobe, er kreativ strikking ein naturleg del av prosessen. Strikking kan både gjerast avansert, leikent, lett, meditativt, avslappande, kreativt og regelbunde. Det er opp til strikkaren!

- Du får jobbe med ulike fargekombinasjonar, mønster og garnkvalitetar.
- Utforske oppskrifter med alternativt garn
- Lage egne mønster til plagg
- Reparere, redesigne, modifisere mønster og jobbe med restegarn
- Handfarge garn



Linjetur med tog i Europa

Vi set små miljøavtrykk og reiser på linjetur med tog i Europa. Vi planlegg reisa i fellesskap, men skal besøke europeiske byar og får oppleve kunst, kultur, galleri, museum, kafear, shopping på storby-måten.

Inspirasjonsturar

Vi er opptatt av å tileigne oss ny kunnskap og inspirasjon. Difor fartar vi rundt, både lokalt i Nordfjord, men også på litt lengre turar. På desse reisene skal vi for eksempel på jakt i secondhand-butikkar! Vi leitar etter gamle skattar som kanskje kan få eit nytt liv i dine hender. Vi skal også besøke skreddarar og andre institusjonar som driv med kreativ saum og kunst.

Samspel med andre linjer

Ein dag i månaden brukar vi naturen som klasserom saman med andre linjer på skulen. Du blir kjend med medelevarne dine og du får oppleve den varierte naturen på Nordvestlandet. Vi lærer nyttige life-skills som å lage mat på bål, du kan sove ute, fange din eigen fisk og kjenne på vær og vind. Naturen er ein fin arena å hente inspirasjon til kreativiteten din!



Fjordane – eit skapande miljø

Musikal West End, Kunst – Foto – Glas – Reise og Movement X – Modern Circus er alle eksempel på kreative linjer ved Fjordane folkehøgskule. Også Viingliv er opptekne av handverk og tradisjonar, og alle linjene tilbyr valfag. Det vil seie at du kan dyrke det kreative frå mange innfallsvinklar, dersom du vil.



Movement X

– Modern Circus



Kva er moderne sirkus?

Den klassiske førestillingsforma fekk namnet sitt fordi sceneforma var ein sirkel med publikum sittande og ståande rundt.

Nysirkus sprengte grensene for det klassiske sirkuset: Kunstnerisk, kulturelt, konvensjonelt og sosialt. Sirkus er i dag ein fri scenekunst, open for alle moglegheiter og fysiske ferdigheiter som eit menneske kan skape. Det blir henta inspirasjon frå performance art, teater, film, musikk, idrett, ekstremsport, parcour, multimedia, akrobatikk, ballett, varieté, samt frå kinesisk, amerikansk og klassisk sirkus.



Dette er linja for deg som likar fysiske utfordringar. Det blir ikkje stilt krav til forkunnskap, men du må vere motivert til å trene, til å by på deg sjølv, og til å utfordre egne grenser.

Fjordane folkehøgskule er den einaste skulen i Norge som tilbyr ei heilårleg sirkuslinje

På timeplanen finn du emner som akrobatikk, dans, styrke, trampoline og teater. Basert på elevane sine ønske, blir ulike gjestelærarar leigd inn til skulen for å vidareformidle sine egne spesialfelt.

Treningsøktene blir tilpassa den enkelte elev, du får utfordringar basert på egne ferdigheiter, og jobbar stadig mot nye mål. Elevgruppa sin progresjon er avhengig av eit tett samarbeid, god kommunikasjon og ein stor porsjon tillit.

Når du kjenner at du har gitt alt, står lærarane og medelevane parat til å pushe deg vidare. Alle dører er opne, det einaste som stoppar deg er tanken!



Når skuledagen er avslutta står treningslokala til elevane sin disposisjon. Dette gir deg moglegheit til å trene på det du ønsker når det passar deg og dagsforma di best.

I tillegg til linjefaga tilbyr skulen mange spennande valfag som relaterer til faget: voltige, klatring, musikal, redesign og kunst.

Skulen er godkjend i FEDEC, som er eit nettverk for sirkusutdanning i Europa. Dei jobbar for ein felles standard for sirkusutdanninga. Les meir på www.fedec.eu

Studietur

Togtur i Europa

For motivasjon og nye impulsar reiser sirkusklassa på ein årleg utanlandstur. Vi prøver å få lagt inn besøk på skular med høgare sirkusutdanningar, som kan vere aktuelt for deg å søke deg inn på etter du er ferdig på Fjordane. Der møter du andre sirkusartistar og knyter kontakter. På turen ønsker vi også å oppleve mangfaldet av sirkuskulturen som ein finn i Europa, i tillegg til å få kjenne på kulturlivet i fleire europeiske byar.





Vikingliv

Vikingtida er framleis levande på Nordfjordeid - bli med på ei reise både i tid og gjennom årstidene! Lær om korleis vikingane levde, om historia, samfunnet, kulturen, trua og om gamle mat- og handverkstradisjonar. Bli med til vikinglandsbyen i Gudvangen og til Island, Sagaøya i vest.

Langhuset er hjartet i vikingtunet

På Fjordane har vi vårt eige langhus og dette er ein viktig del av skulekvardagen. Mykje av undervisninga går føre seg her og du får vere med å utvikle og forvalte omgjevnadane rundt det. Mellom anna ligg smia vår her, og kjøkkenhagen må passast frå frøa vert sådd tidleg om våren, til grønsaker, urter og andre nyttevekstar kan haustast. Langhuset er ein naturleg samlingsstad for heile skulen, og det store bålet er flittig brukt av både vikingliv-linja og fleire av dei andre linjene.



I pakt med naturen

Nordfjordeid er omgitt av vakker og variert natur, med tydelege årstider. Naturen nyttar vi så ofte vi kan. Dei ulike sesongane gir oss spennande opplevingar med båt, fiske, sanking og tilbereding av mat, og vi nyttar kysten vår til arbeid, rekreasjon og matauk – akkurat som vikingane gjorde for tusen år sidan.

Historisk stad

Fjordane folkehøgskule ligg midt i Nordfjord, heimstaden til vikingkongar og ein sentral stad i historia. Eit steinkast unna skulen, ligg ei av Noregs rikaste og største vikinggraver, og i Vestlandet sitt nye kunnskapssenter om vikingtida, Sagastad, kan du oppleve eitt av verdas største vikingskip, det 30 meter lange Myklebustskipet. Ofte er elevar og lærarar frå skulen med på å formidle kunnskap om vikingtida til besøkande til Sagastad, og stadig fleire utanom skulen ønsker å kome på besøk for å få ein smakebit av alt det spennande vikingane gjorde og stod for.

Innhald på linja

- Reiser til Island og til ulike stader på Vestlandet og i Oslo
- Klede og levesett
- Utvikle Langhuset og omgjevnadane rundt
- Overnattingsturar med og utan telt, leirplass, bål og felleskap
- Sanking og hausting
- Fordjuping i historie, tru, samfunn og tankesett
- Arbeid med tre, stoff, skinn, glas og leire
- Smie og smiing
- Grindbygg
- Opplive vikingmarknad
- Mattradisjonar
- Innføring i blankvåpenkamp
- Lage enkle smykke av bein, horn og metall
- Veve brikkeband og nålebinding
- Leikar, kamp, historiske spel og musikk
- Pil og boge
- Ro og segle i eit vikingskip



Å lære av kvarandre

Vi samarbeider også med dei andre linjene på skulen, og særleg Friluftsliv og hestelinjene dreg mykje vekslar på kvarandre.

Turar

I løpet av skuleåret får du oppleve korleis vikingane kom seg frå a til b, anten til fots, med hest eller med båt. Du får bu i telt, vi samarbeider med lokale vikingar og får oppleve historiske stadar som Gudvangen og Borgundgavla.



Linjetur til Island

Folka på Vestlandet og på Island har mykje til felles. Trongen til fridom, lynnet og historia vi deler. På Sagaøya går vi på museum, vi besøker historiske stadar, er i den spektakulære naturen og lærer meir om runer og norrønt språk. Vi ser det Snorre sjølv såg og vi besøker Alltinget. Vi møter også formidlarar av islandsk språk og historie.



Musikal West End

Dette er ei linja for deg som elsker å stå på scena! Kanskje du ser ei framtid med vidare utdanning innan utøvande scenekunst? Det er også linja for deg som aldri har framført noko på ei scene, men som har veldig lyst å prøve! Musikal West End gir deg ei innføring i heile scenekunst-registeret og du får fordjupe deg i både song/vokal, dans og drama.



©Oda Milagro Rojas Frogner



©Oda Milagro Rojas Frogner

Dette får du lære

Songteknikk

Du lærer å synge på ein trygg måte. Vi går gjennom byggsteinane for song: pust, produksjon, filter/artikulatorar, med meir. I byrjinga vil vi jobbe i fellesskap, med moglegheit for individuelle songtimar etter dei første vekene.

Danseteknikk

Vi jobbar teknisk med ulike dansestilar som ballett, jazz og Musical Theatre (MT).

Fysisk teater og ensemble

Du lærer du å fortelje historier med kroppen på ein ny måte. Vi jobbar med ensembleøvingar (gruppe) og lærer om korleis vi kan jobbe saman som ei samanhengande gruppe.

Tekst og skodespelarteknikk

Du lærer skodespelarteknikkar og måtar å jobbe med tekst på. Vi går gjennom dei klassiske teknikkane som mellom anna Stanislavski, Meisner og Chekov. Seinare i året vil vi også jobbe mykje med korleis vi skal tilnærme oss monologar/duologar og jobbe med auditionmateriale for deg som ønsker å søke deg vidare på utdanning innan scenekunst.

Stemmebruk for scene

Vi jobbar med snakke-stemma vår. Vi brukar mykje tid på pusteteknikkar og avspenning slik at vi kan få ei klar, uanstrengt stemme som held ut på scena og når ut til publikum.

Ensemble-song

Vi lærer å synge saman. Vi jobbar med harmoniar, dynamikk og stilartar, og bygger opp materiale som kan framførast. Acting Through Song Vi jobbar med å formidle ei forteljing gjennom song. Vi kombinerer skodespelarteknikkar med songteknikk, og lagar ei heilskapleg oppleving for publikum. Dette vil som oftast føregå i form av masterklasser, der du får øve deg i å framføre framfor klassa di.

Linjetur til London og Brighton

Opplev magiske West End! Vi besøker berømte teater- og musikalscener og får sjå stjernene på nært hald. London er ein fantastisk storby med alt du kan ønske deg av kultur, historie, shopping og opplevingar.

I Brighton besøker vi campus på Institute for Contemporary Theatre (ICT), som Fjordane folkehøgskule samarbeider med. Vi får ta del i korleis det er å studere på ein skule retta mot musikal- og scenekunstindustrien. Vi oppheld oss ein heil dag på ICT og får ulike workshops i mellom anna song og stemmeteknikk, og drama/monolog. På ICT er innhald og undervisning utvikla og undervist av profesjonelle frå West End, Broadway, Disney, og fjernsyn- og filmindustrien i England.

Fjordane Folkehøgskule samarbeider med Institute for Contemporary Theatre i Brighton. Dette samarbeidet gir unik tilgang til West End og scenekunstindustrien i England.

Kulturbygda Nordfjordeid

På Nordfjordeid har vi eit operahus, ein rockefestival, ei klubbscene som er omgjort frå ein gymsal, kor, korps og mange flinke og engasjerte innbyggjarar som driv med kultur på eitt eller anna vis!

Ein av berebjelkane i kulturlivet på Nordfjordeid er Operahuset Nordfjord, med sine flotte fasilitetar. Her får vi servert store og små konsertar, vi kan gå på kino og besøke biblioteket. Kvar haust kan du oppleve ei fullskala operaoppseting i regi av Opera Nordfjord og Operahuset. I tillegg får born/ungdom frå heile Nordfjord vere med på skulemusikalar og profesjonelle musikalar, samt at kulturskulen brukar operasceena og foajeen til konsertar og utstillingar. Elevar på Fjordane vil dra nytte av den lokale kompetansen, i kombinasjon med engasjerte lærarar med utøvande erfaring nasjonalt og internasjonalt innan sine fagfelt.

Malakoff er ein av dei største festivalane i Noreg og resten av året er Gymmen Scene og Studio Malakoff si klubbscene og kulturhus.





Kunst – Foto – Glas – Reise

Dette er kunstlinja for deg som likar å utforske, vil prøve ut idear, fordjupe deg i ulike materialar og ditt visuelle biletspråk. Du får ein skuledag fylt med praktisk arbeid, utfordringar, skaparglede og fellesskap.

Tema og prosjekt

Vi arbeider med ulike tema frå veke til veke gjennom året. I keramikrommet, i teikne- og malesalen, på trykkpressa, på glasrommet eller i syrommet med redesign. Det er praktiske introduksjonar i alle tema, så du treng ingen forkunnskapar. Har du erfaring får du anledning til å vidareutvikle deg, og får tid til sjølvstendige prosjekt, der du kan arbeide meir med det du likar best. Arbeidsromma er opne på kveldane også, så du får mykje tid til å eksperimentere!



Kvifor velje kunstlinja på Fjordane?

- Keramikk med dreining, modellering og glasing
- Akrylmaleri, teikning, linotrykk og mixed media
- Glassfusing til skåler, smykker, motiv eller dekor
- Redesigne eller sy nytt etter mønster
- Skreddarsy din eigen timeplan med to eller fleire valfag
- Fellesfag på tvers av linjene

På slutten av året set vi opp ei utstilling, og du reiser heim med ulike utprøvingar, kunstverk og produkt du har laga gjennom året.

Reiser – ut og hente ny inspirasjon

Vi reiser på kunstnarbesøk, utstillingar, korte og lengre turar med linja, i tillegg til fellesturar i fantastisk natur.

- Studietur til Ålesund, Bergen eller Oslo
- Besøk til lundefugl-øya Runde eller andre naturperler
- Fellesturar med heile skulen til surfestranda Hoddevik, leirstaden Krokpollen og vintertur til Stigedalen.

Vi brukar alle linjeturane våre til å få med oss mykje inspirasjon og idear heim igjen, men like viktig er det at dette er reiser du gjer ilag med medelevarane dine, som gir deg opplevingar og minne for livet!

Linjetur med tog i Europa

I fellesskap skal vi planlegge linjetur med tog til europeiske byar. Du kan gle deg til nye kulturopplevingar, verdskjende museum og historiske sjåverdigheter. Ved å bruke tog som framkomstmiddel får vi både sett og opplevd mykje, samstundes som vi reiser på ein mest mogleg miljøvennleg

Bevisstheit på gjenbruk, miljø og bærekraft

Vi set pris på å kunne bruke gjenbruksmaterialar eller restmaterialar, eller naturmaterialar der det er mogleg. Dette prøvar vi ut i praksis mellom anna når vi har redesign som tema. Vi ønsker også å sette små miljøavtrykk når vi er på reise. Linjeturen vår går med tog i Europa, og kortare turar med linja eller skulen går ofte til vakre Nordfjord og Sunnmøre.





©Oda Milagro Rojas Frogner

Allsidig hestesport

Frå hestehald til hestesport - og alt i mellom

Drøyer du om ein kvardag fylt med hest? Er du konkurranseryttar, turryttar eller berre har lyst il å lære mykje om hest? Velkomen til Fjordane! Du kan ta med din eigen hest, eller du får låne skulehest av oss. Gle deg til ein variert og innholdsrik kvardag i hestebygda Nordfjordeid saman med mange andre som elsker hest!

Kvifor velje Fjordane?

Likar du å oppleve spenning, bli utfordra på eigne ferdigheiter og klare nye ting? Lærarane på linja er rutinerte og godt utdanna hestefagfolk og gir deg undervisning på nettopp ditt nivå i sprang, dressur og køyring. Vi har autoriserte ridelærarar og køyreinstruktørar, ein hovslagar og kusk-sensarar. Lærarane våre har brei erfaring gjennom arbeid med hest, både på og utanfor konkurransebana.

Springbrett til vidare utdanning

Allsidig hestesport er også ei linje for deg som har som mål å utdanne deg vidare innan hest. Mange elevar frå Fjordane har komt gjennom nålauget til ridelæruddanninga på Starum eller har begynt på veterinærstudiet etter endt skulegang hos oss.

Dette får du lære meir om:

- Sprang
- Dressur
- Køyring
- Innføring i feltritt
- Hestehandtering
- Beslag og hovlære
- Ride- og køyreteori
- Stalldrift
- Ryttertrenoing/stretching
- Terapiriding
- Veterinærfag
- Avl og ernæring
- Hestekunnskap - teori og praksis
- Salmakar - sy grime og leietau
- Moglegheit til å ta grønt kort



Hest Ride- og køyresport

Er du bitt av hestebasillen, har eigen hest eller berre har veldig lyst til å bli ein betre rytter og/eller kusk, er dette linja for deg.

Vi gir deg profesjonell undervisning av høgt utdanna og aktive lærarar som også er rytterar og kuskar. På denne linja er det fokus på allsidig trening for både hest og rytter. Du skal gjennom god undervisning lære å forstå rytteren/kusken sin innverknad på hesten. Du får moglegheit til å vere med på å arrangere stemne med den lokale rideklubben, samt å delta på stemne i nærområdet. Vi legg også opp til å gje deg ekstra hjelp med din eigen hest, dersom du ønsker det.

Fagleg innhald:

- Dressurriding
- Sprangriding
- Feltritt
- Køyring
- Dressurteori
- Sprangteori
- Veterinærfag
- Avl og ernæring
- Hestekunnskap
- Salmakar; sy grime og leietau
- Beslag og hovlære; lære å sko hesten din
- Moglegheit til å ta grønt kort
- Praktisk hestelære
- Terapiriding
- Ryttertrenoing/stretching
- Stalldrift

Dette gjeld alle hestelinjene. Viktig! Ein kan etter avtale med skulen ta med seg eigen hest.

Springbrett til hest som yrke!

2. års hestesport

Linja er for deg som har gått Allsidig hestesport ved Fjordane folkehøgskule, eller har tilsvarende bakgrunn. Dette kan vere fagbrev eller annan dokumentert kompetanse. 2. års hestesport er for deg som vil bruke eit ekstra år på hestefaget. Undervisninga blir tilpassa deg og hesten din sitt nivå. Vi held fokus på dressur, sprang og køyring, og legg opp til ein fleksibel skulevardag med stor elevmedverknad. Lærarane på Fjordane er flinke på kvar sine fagfelt, og difor tilbyr vi deg og hesten din eit særst godt og variert undervisningstilbod som held høg standard og kvalitet. Som elev på 2. års hestesport får du allsidig og god kompetanse. Kunnskapen du får kan vere eit nyttig springbrett for deg som vil ta vidare utdanning innan hest. To år på hestelinja på Fjordane folkehøgskule kan gi deg eitt års godkjend læretid i hestefaget.

Fagleg innhald

- Praksis og teori går hand i hand
- Dressurriding
- Sprangriding
- Innføring i feltritt
- Intervall- og tempotrening
- Konkurrasekøyring
- Tømmelongering
- Hestehandtering
- Beslag og hovlære
- Stemnetrening
- Moglegheit til å starte på stemne, på heime- og bortebane
- Ryttertrening



Hestelinjene:

Linjeturar

Danmark

Gle deg til hingstekåringa for Dansk Varmblod i Herning! Dette er ein fem-dagars tur til Danmark, med hest frå morgon til kveld. Under sjølve kåringa får vi sjå hingstar som stiller til kåring, i tillegg til dressur- og sprangklasser på elitenivå. Vi får også vere publikum på eit spektakulært gallashow. I tillegg kan vi besøke "Hest & Rytter", Nord-Europas største messe med utstyr til hest og ryttar. Messesenteret er knytt til hingstekåringa, og har meir enn 250 utstillarar. Vi legg også inn eit besøk hos toppryttar Andreas Helgstrand for ei omvising på anlegget Helgstrand Dressage og Helgstrand Academy. Under opphaldet bur vi på ein koseleg vandreheim i Silkeborg, der vi har hyggelege kveldar med sosiale aktivitetar, leik og moro. På vegen heim tek vi turen innom Norsk Hestesenter Starum. Her får vi omvising på området der den norske ridelærar- og travtrenarutdanninga held til.



Portugal

I Portugal har hesten hatt ei viktig rolle i landet si historie i mange år. Lusitanoen, som dei brukar til riding og avl, blir sett på som ein nasjonalskatt. Vi bur på eit hestesenter utanfor Lisboa, og du får moglegheit til å ri dressur på velutdanna lusitanohestar under rettleiing av dyktige instruktørar. Du får også prøve deg på dressurøvingar på høgt nivå, som passage og piaff. Du kan sjå fram til å få eit innblikk i levemåten og kulturen i Portugal, og å få smake på heimelaga portugisisk mat. Vi skal også oppleve vakre Lisboa, hovudstaden og den største byen i Portugal. Vi bur på den gamle sveitsiske ambassaden som er gjort om til eit fantastisk hostel. Vi skal også ein dagstur til Sintra, ein heilt unik by utanfor Lisboa. Turen er valfri.





Bu og fritid

Få nye vener, bli utfordra på å klare deg best mogleg på eigenhand, få hjelp når du treng det. Dette er linja for deg som treng litt ekstra tilrettelegging. Vi synest det er viktig at du blir utfordra der du treng det, og differensierer undervisninga slik at det passar deg best mogleg. Skuleveka di inneheld trening i ferdigheiter som trengs i dagleglivet (ADL), linjefag, der du kan velje mellom hest, kunst, viking, sirkus, over 20 ulike valfag og fellesfag.

Reise og oppleve saman

Vi reiser på linjetur til Spania om våren, i tillegg til at vi gjennom skuleåret er med på fleire lokale turar saman med resten av skulen. Vi meiner det er viktig å jobbe med å få struktur i kvardagen, sosial og fysisk trening, samhandling, å ta sunne val, personleg økonomi, i tillegg til matlaging og andre oppgaver som er viktige for å kunne bu aleine.

Trygge rammer

På Fjordane er det assistentar på jobb frå klokka 8-22 på kvelden. Dette er med på å gjere skulekvardagen trygg for deg som går på denne linja. På linja går det 6-8 elevar som har lærevanskar/lettare utviklingshemming. Du får 18 veketimar på eiga linje i tillegg til 6 veketimar fellesfag og moglegheiter til å velje valfag saman med dei andre elevane. På skulen vil du gå saman med 90 andre elevar frå heile landet.

Du lærer:

- å samarbeide og bu saman med andre
- å vere ute i naturen, vere fysisk aktiv og ta vare på helsa
- å halde rommet ryddig og reint
- å bruke vaskemaskin og å vaske kle
- å ta ansvar for fellesoppgåver på internatet
- å lage god og sunn mat
- å bruke kulturtilbod i nærmiljøet, finne på kjekke fritidsaktivitetar
- å gjere enkle arbeidsoppgåver på kjøkkenet og i stallen
- å styre pengar og eigen økonomi

For å gå på denne linja er eleven avhengig av tilskot gjennom NAV. Det er eleven sjølv som må søke, men skulen hjelper til med dokumentasjonen som trengs. Det blir gjennomført ei funksjonskartlegging av tilretteleggingsbehovet før opptak.

Du opplever:

- Eit år saman med mange andre ungdommar
- Sosial utvikling
- Elevkveldar på skulen
- Fellesaktivitetar
- Besøk på kino og i svømmehallen
- Valfag
- Turar i det flotte terrenget rundt oss, både på linja og saman med resten av skulen
- Nå ein fjelltopp
- Lage mat ute
- Ekskursjonar i regionen
- Studietur til Spania med mange spennande aktivitetar



På tur til Spania i trygge rammer!

Utanlandsturen til bu og fritidslinja er lagt til vårsemesteret. Vi reiser til Spania, nærmare bestemt til Benidorm. Dette er turisthovudstaden på Costa Blanca og ligg ca 50 km frå flyplassen i Alicante. Her møter du eit rikt kulturliv i ein storby som er prega av gammalt og nytt. På nært hald får du oppleve fantastiske strender, yrande folkeliv og livleg atmosfære. Du vil sjå gamle landsbyar, store opplevingsparkar, samt prøve ulike mattradisjonar frå forskjellige kulturar. Nokre av tinga du får oppleve er dagstur til Guadalest, Dyreparken Mudomar, GoKart køyring i Benidorm, samt gåtur til Fyrtårnet i Albir. Turen er tilrettelagt og er inkludert i linjekostnadane.





Fellesfag

©Oda Milagro Rojas Fregner

Fellesfaga er ein viktig arena for å møtast på tvers av linjene. Dette er fag alle elevane har saman, og som både utfordrar og engasjerer. Danning er eit sentralt omgrep i folkehøgskulen og handlar om menneske si utvikling av personen, evner, kulturell forståing, innsikt og moral.

Fjordane folkehøgskule har fokus på berekraft og å nytte seg av det flotte nærområdet vårt. Her er noko av alt det kjekke du får vere med på:

«Jul på Fjordane»

Vi har eit felles prosjektarbeid som munnar ut i julemarknaden Jul på Fjordane. Heile Nordfjord er invitert til vår familievennlege julemarknad, der vi byr på mange fine førjulsaktivitetar. Vi lagar show, har barneriding, sirkus- og vikingleikar, zipline, sal av handlaga produkt, kiosk og mykje meir. Overskotet blir delt mellom eit veldedig prosjekt og investeringar til skulen som kjem elevane til gode.

Kor og dans

Vi har ei veke i året der vi syng og dansar, i tillegg til dei vanlege linjefaga. Gjennom året jobbar vi vidare med utvalde songar til skuleavslutninga.



Seminar

Vi leiger inn eksterne føredragshaldarar som tek opp viktige og interessante emne, som fairtrade, rockens historie, Fremtiden i våre hender og seminar i forkant av TV-aksjonen, som vi er med på kvart år. I tillegg til dette får du vere med teater og operaførestillingar i løpet av skuleåret.

Matauk

Vi haustar frå naturen rundt oss, og lagar mat og drikke av det. Døme på dette kan vere epleplukking, der vi pressar epla til vår eigen eplemost. Kjempogodt, kortreist og berekraftig.

Stipendiataktivitetar

Stipendiatane er tidlegare elvar som jobbar som miljøarbeidarar. Utover kveldane og i helgane har dei frivillige tilbod til aktivitetar som leikar, spelkveldar, quiz, art, filmkveldar m.m.



Juleverkstad

På tvers av linjene kan du velje mellom ei rekke førjulsaktivitetar. Pynting av juletre, kakebaking, gløgg og julemusikk er med på å sette deg i den rette førjulsstemninga.



Elevkveldar

Ein kveld i månaden arrangerer elevane elevkveld der dei sjølve er ansvarlege for middag, dessert og underhaldning. Ofte vel ein eit tema for kvelden, som for eksempel kokkekamp, bryllaup og halloween.

Valfag

NB! Valfagstilbudet kan variere med bakgrunn i lærarkrefter og etterspørsel, så det kan bli fleire eller færre fag enn dei som er i denne oversikten.

Du har stor fridom til å skape din eigen timeplan. Minimum 2 valfag per semester, men du kan velje fleire. Valfaga kjem i tillegg til linje- og fellesfagtimar kvar veke.



Friluftsliv

Bli med ut i skogen, på fjellet, på fjorden eller i fjæra! På ski, på sykkel, i båt eller til fots.



Aerobic

Vi trener kondisjon, styrke og koordinasjon i lag på ein artig og effektiv måte.



Hest

Du lærer å ri på våre kule skulehestar. Har du ridd før, får du utfordringar på ditt nivå.



5 på topp

Vi går 5, både store og små fjelltoppar, i løpet av haust og vår. Nordfjordeid byr på mange flotte toppar og spektakulært utsikt.



Klatring

Grunnleggande innføring i klatring. Vi jobbar med sikring og klatreteknikk.



Kunst

Vi jobbar med teknikkar innan teikning og maling. Vi prøver litt keramikk og/eller glasarbeid om du ønsker det.



Massasje og Livsfilosofi

Vi senkar skuldrane og tenker over og snakkar om dei små og store tinga i livet.



Surfing i Hoddevika

Vi surfar ein dag i månaden i surfeparadiset Hoddevik. Ein av topp tre surfstader i Norge uansett kven du spør.



Redesign

Vi arrangerer klesbyttedager, redesignar eigne kle, lagar handlenett og set i gong berekraftprosjekt på skulen.



Foto

Du blir kjend med ditt eige kamera, får prøvd deg på klassiske fotoutfordringar, både framfor og bak kamera. Frå idear til bilde.



Volleyball/ballspele

Vi spelar og trener på teknikk, og om vêret er godt blir det sandvolleyball i hagen på skuleområdet.



Svømming

Kvar måndag har vi tilgang til svømmehallen og badstue. Her kan du både trene og kople av på same tid.



Vikingliv

Vi jobbar med alt frå teatesport, oppsettingar, ferdigheiter på scena og stemmebruk. Mykje leik og moro.



Sprang/prosjekthest/voltige:

Du og hesten vil få ekstra utbytte av trening gjennom longering, bomarbeid, gymnastikkhopping og banehopping



Yoga

Yoga gjer deg sterkare og mjukare, du får betre balanse og konsentrasjon og kropp og sinn blir meir avslappa.



Song, dans og musikal

Dersom du går med ein songar, dansar eller skodespelar i magen er dette valfaget for deg! Du får prøvd deg på litt av det Musikallinja er innom. Her er det plass til alle som er glad i musikk!



Movement X

Vi jobbar med akrobatikk, sjonglering og xl-trampoline. Faget vil også lære deg konsentrasjon og fokus.



Køyring

Du får dressur-, presisjon- og maratonkøyring, alt etter kva du vil jobbe med.



Strikking

Du strikkar deg diverse produkt til gåve og eige bruk. Vi lagar også ting til prosjektet «Jul i stallen».



Styrketrening

Vi jobbar med apparat og kroppen slik at vi blir smidigare og sterkare i kroppen vår.



Tømmekøyring

Du får opplæring i å jobbe hesten din frå bakken. Flott og allsidig trening for både hest og ryttar.



Fellesfag/leksehjelp

Vi hjelper deg med fag som bruk av datamaskin, matte, norsk og naturfag.



Blankvåpen

Du lærer bruk av sverd, øks og skjold. Våpna er blunte. Tryggleik er i fokus under treninga.



Salmakar

Du får utvikle ferdigheter og teknikkar i salmakerfaget og får reparere eller lage nytt utstyr.



Opplev magiske vestlandet!

For spennande opplevingar treng vi ikkje å reise langt av garde, vi har det meste i vår eiga kommune Stad. Her har vi hav, fjord, fjell og fantastisk natur så og sei rett utanfor skulen.

Bli kjent-tur til surfeparadiset Hoddevik

Første veka reiser vi med heile skulen til Hoddevik. Hoddevik er ei lita bortgøymd bygd med ca 20-30 hus, med Norges beste surfestrand, som trekkjer til seg surfefrelste frå heile verda. Her lagar vi teltleir, grillar, surfar, går i fjellet og gjer mange andre kjekke aktivitetar for å bli kjent med kvarandre.

Krokepollen, ei lita perle i Nordfjord


Krokepollen ligg i ei lita bortgøymd og veglaus bukt som du berre kjem til ved å gå ein liten tur i skogen, eller ved å kome sjøvegen. På denne turen står sjøaktivitetar i fokus. Bading, fising, roing og padling, segling på fjorden så du får ro i sjela eller adrenalinkick på tube bak motorbåt. Du får ete di eiga nykokte krabbe, vere med på allsong og trekkspele i ustemt harmoni ut på kvelden, flytande bålplate, du får sove i hengekøye, telt eller innandørs.

Opplev naturkreftene på Kråkenes Fyr

Kråkenes Fyr ligg vilt og vakkert til i Kinn kommune mellom Ålesund og Bergen, og inviterer til overnatting heilt ute i havgapet. Her får vi oppleve to dagar på ein av dei mest vêrharde stadane i heile Norge, kjenne salt i lufta og bølgesus i heile kroppen.

Vinteraktivitetar i Stigedalen

Når vinteren er på sitt mørkaste og kaldaste, legg vi turen til skianlegget Tua i Stigedalen. Denne turen er alltid eit kjekt sosialt høgdepunkt. Her har vi snøaktivitetar, akar, går på ski om du vil det, grillar, leikar og har det moro saman.



Inkluderande skule med særpreg

Fjordane folkehøgskule skil seg ut frå mange andre skular når det gjeld internat. Hos oss får du bu i små hus som har plass til stort sett 10 elevar. Alle rom kjem ut i fellesrommet, og det gjer det lett å vere sosial og bli kjend med kvarandre. Romma er romslege og det er opp til deg å lage det så koseleg som mogleg.

Å bu så tett ilag med andre elevar i 9 månader gjer at du blir utfordra på toleranse, respekt, samarbeid, ta ansvar og mykje meir. Du vil bli betre kjent med deg sjølv, og i samspel med medelevar og personalet kan du vere med på å skape eit positivt fellesskap kjenneteikna av utvikling, glede og venskap.

Hovudbygget byr på mange uformelle møteplassar. Den aller nyaste er kaffibaren Bønna der du får ekte baristakaffi. Kan det friste med ein kaffe latte? Eller ein cappuchino eller espresso?

Skulen har også eit stort og godt elevkjøkken, der du kan lage alt frå muffins til tre-rettars middag. Om du ønsker! Skulen serverer deg sjølvstekt tre måltid om dagen, og kvar fredag er det felles lunsj for lærarar og personalet. For deg som treng spesialkost, lagar vi alltid eit alternativ.

På kveldstid kan du også kose deg i peisestova med spel, pusling, strikketøyet ditt eller ein kopp te. Om du ønsker å nytte deg av dei opne verkstadane og arbeidsromma. Må du gjerne gjere det! Skulen er open heilt fram til kl 23.00 kvar kveld.

Om du likar å trene er det velutstyrte treningsrommet tilgjengeleg for deg. Du kan også nytte deg av avtala vi har med Hamna Aktivitet og Helse, der du kan klatre, buldre og delta på timar med instruktør. Kanskje du nokre dagar ønsker å trene ute? Vi har skianlegg og turløyper som kan nyttast sommar og vinter rett i nærleiken av skulen.

På Løken kino i hovudbygget på skulen, kan du game, sjå film eller du kan bruke eit av musikkinstrumenta til skulen. Kanskje du har lyst å starte eit band medan du er elev hos oss? Vi har også biljardbord og bordtennis-bord.

Følg oss gjerne på instagram, facebook og youtube.







Berekraft

På Fjordane folkehøgskule bryr vi oss om kvarandre, miljøet og samfunnet vi lever i! Kvar dag prøvar vi å ta berekraftige val slik at vi kan bidra til å gjere verda til ein betre stad for alle. Vi støttar opp om FN sine 17 berekraftsmål og folkehøgskulane sitt berekraftvedtak. Vi er ein klimamotivert skule!

Vi reiser med tog i staden for fly

Når linjene drar på tur til utlandet, vel vi tog framfor fly. Interrail er ein fantastisk måte å bli betre kjend med landa vi besøker, når vi reiser frå stasjon til stasjon og frå by til by til det endelege målet. Togreise er også svært sosialt, og vi blir kjend med kvarandre på ein ny måte og knytter enno tettare band til kvarandre.

Nærturar

Alle linjene er mykje ute på tur i naturen. Med fjord, fjell og hav rett utanfor skulen, er det heilt naturleg for oss å gå til fjelltoppane vi ser frå vindauget, eller til gapahuken vår i skogen. Vi likar å fyre opp bålet

og lage mat - og får vi lyst overnattar vi gjerne under open himmel!

I ein radius på ein time med bil når vi surfestranda i Hoddevik, det bortgøynde paradiset i Krokpollen, vinterskog i Stigedalen og forblåste Kråkenes med utsikt til det verharde Stadhavet.

Kvifor dra langt av garde og setje djupe klimaavtrykk når vi kan reise kort og bruke den verdskjende naturen vi bur midt i?

Sanke og hauste

Vi har vår eigen grønnsakshage i Vikingtunet! Her dyrkar vi poteter, jordbær, grønnsaker og urter som vi brukar i matlaginga på skulen. I vikingtunet har vi også ein sjusteinsomn som vi for eksempel kan lage pizza i – kanskje med løk frå hagen?

Kvar haust har vi matveke, med fokus på alt vi kan ete frå naturen: bær, sopp, fisk, og av og til hjort. Det er svært populært å drikke sjølvpressa eplemost av nedfallsfrukt!

Kjøkkenet

Kjøkkenet vårt har debio-godkjenning i bronse. Det vil seie at minst 15 % av serveringa er økologisk. Kokkane våre strekker seg langt for å handle lokale og sesongbaserte råvarer, som gulerøtter frå bonden rett der borte, og dei serverer dei flottaste rettar til fire måltid om dagen.

På skulen får du vegetar- og vegansk mat til kvart måltid, og kvar måndag er det vegetar-dag. Skulen er også Fairtrade, som er ei internasjonal merkeordning som styrker bønder og arbeidarar i fattige land i Afrika, Asia og Latin-Amerika gjennom handel. Fairtrade bidreg til eit meir berekraftig jordbruk og betre liv.

Gjenbruk og resirkulering

Vi oppfordrar alle til å bruke ting om att! Det kan vere å skaffe seg brukt ski-utstyr eller å shoppe second hand. På skills-bytte-dagen lærer vi ulike «skills» av kvarandre, som å reparere øydelagte ting, eller vi byttar ting med kvarandre. Vi ønsker mindre kjøpepress!

På linja kreativ saum og strikk tar vi det eit steg vidare. Her kan du lære å sy og strikke din eigen garderobe – gjerne av gjenbrukte plagg og stoff! Fjordane folkehøgskule sorterer all plast, papir, glas, metall, matavfall, restavfall og leverer til miljøverket i kommunen.

Solidaritet

På Fjordane folkehøgskule har vi fleire prosjekt gjennom året som handlar om gi noko av seg sjølv



“Fjordane folkehøgskule skal gjennom ein meningsfull kvardag utfordre elevar og tilsette til å vere ansvarlege deltakarar i eit berekraftig fellesskap. Vi skal saman skape vårt beste år gjennom utvikling, glede og vennskap”

- Verdigrunnlaget til Fjordane folkehøgskule

til andre, for eit varmare og meir inkluderande samfunn. Jul på Fjordane er eit arrangement der elevane inviterer små og store i lokalsamfunnet inn på skulen for å gi dei (og oss sjølve) ei hyggeleg førjulstund. Borna får ri på hest, vi har ansiktsmaling og eventyrstund, vi har julemarknad og sal av julete mat og drikke. Delar av overskotet går alltid til ein veldedig organisasjon, som Redd barna eller Dråpen i havet.

Miljøfyrtårn

Fjordane folkehøgskule er sertifisert som Miljøfyrtårn. Det vil seie at vi er ei verksemd som tar aktivt miljø- og samfunnsansvar, og bidrar til grønn omstilling. Ved å vere eit Miljøfyrtårn bidreg vi aktivt til en berekraftig framtid, og til den nødvendige grøne omstillinga. Vi jobbar målretta med å forbetre miljøprestasjonane våre innan områda arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport.

Velkommen til eit folkehøgskuleår med fokus på berekraftig utvikling!





Fjordane - midt i Nordfjord

«Mellom den største fastlandsbreen i Europa og det villaste havet i Norge ved Stad ligg Nordfjord, med spektakulære fjell og dalar, bølgande jordbruksbygder og dramatisk kystlandskap. Her er det tett mellom store og lett tilgjengelege opplevingar. Nordfjord er Norge på sitt flottaste, høgste, lengste, mjukaste og tøffaste. Alt i ein fjord.»

Midt i denne unike regionen ligg Nordfjordeid og Fjordane folkehøgskule. Sidan Nordfjordeid ligg sentralt plassert i Nordfjord, med sju andre bygdebyar rundt seg, har du kort veg til mykje av det beste Vestlandet har å by på. Vi er stolte av å vere ein del av vakre Stad kommune, som strekk seg frå fjell og fjord, heilt ut til det opne og ville Stadhavet.

Som elev ved Fjordane folkehøgskule får du bruke naturen så mykje du vil. Nokre linjer, som friluftsliv-linjene og Bu og fritid, er meir ute enn andre. Alle linjene nyttar nærområdet i undervisninga på ein eller annan måte, om det er for å gå ein tur, eller for å lære meir om naturen. Denne har alltid vore ein viktig ressurs for mennesket, og særleg på Vikingliv-linja får du lære å hauste og skape av det naturen kan by på.

For elevar på linja Kunst/foto/glas/reise, Kreativ saum og strikk - og kanskje på Musikal West End, kan måneskinskveldar og vandring i fjæra vere viktige inspirasjonskjelder, medan du som vel Allsidig hestesport får moglegheit til mellom anna å dra i juletreskogen og hente tre, eller å ri på tur saman med dei andre.

Fleire av valfaga baserer seg på lokale naturopplevingar, som for eksempel 75 på toppen, der du i løpet av skuleåret kan utforske fem av fjelltoppane i nærleiken. Alle fellesturane våre er kortreiste turar til spennande og unike attraksjonar, som til den verdskjende surfestranda Hoddevik, lengst ut mot havet i kommunen vår.

I Stad kommune kan du verkeleg oppleve dei store kontrastane ein finn i Nordfjord. Frå stille vatn inst ved Holmøyane – ved Europas djupaste innsjø, til lange kvite sandstrender, røft innpakka av bratte klipper ytst ved Vestkapp. Midt i Stad, får du smaken av det urbane livet i bygdebyen Nordfjordeid. Passe stor. Passe liten. Stor nok til å tilby det du treng. Liten nok til å gje kjensla av å ha den for deg sjølv.



Verdas beste vesle Stad

Fjordane folkehøgskule ligg midt i Nordfjordeid, som igjen ligg midt i Stad kommune, heilt nord i Vestland. Nordfjordeid er handelsseteret i regionen, og skulen ligg i gangavstand til alt du ønsker å få med deg:

- Eidsgata med sin vakre arkitektur, koselege kaféar og unike butikkar
- Kjøpesenter
- Operahus med konsertsal, kino og bibliotek
- Beachvolley og sandstrand midt i sentrum
- Sandvolleyballbane på skuleområdet
- Svømmehall og idrettshall 100 meter frå skulen
- Fleire kunstgrasbaner i nærområdet
- Stort alpinanlegg og langrennsløyper 10 minutt unna
- Skatepark like ved skulen
- Golfbane
- Sagastad med Myklebustskipet, som er ei gjenoppbygging av det største vikingskipet som nokon gong er funne.

Nordfjordeid er ein pulserande tettstad som er kjent for eit rikt idretts- og kulturliv. Om sommaren kan du oppleve ein av landets største og beste rockefestivalar, Malakoff. Gjennom året kan du få med deg både opera, teater og konsertar i Operahuset Nordfjord og Gymmen scene, som ligg like ved skulen.

Meir informasjon om Nordfjordeid og Nordfjord:
www.nordfjordeid.no
www.hjartestad.no
www.stad.kommune.no
www.nordfjord.no



- INFORMASJON / INFORMATION**
- Turistinformasjon / Tourist information
 - Offentlig toalett / WC
 - Ladestasjon elbil / Electric car charging station
 - Rådhus / Town Hall
 - Sjukehus / Hospital
 - Lege / Medical center
 - Apotek / Pharmacy
 - Politi / Police
 - Bank / Cash point
 - Busstasjon / Bus terminal
 - Gratis WIFI / Free WIFI
 - Stall Os / Stable Os
 - Buss-stopp / Bus stop

- AVSTANDAR / WALKING DISTANCE**
- Kjøpesenter / Shopping Mall: 1,2 km – 13 min.
 - Operahuset / Opera House: 700 m – 8 min.
 - Malakoff: 1,3 km – 16 min.
 - NFHS: Norsk Fjordhestsenter / Norwegian Fjord Horse Center: 750 m – 10 min.
 - Stall Os: 290 m – 3 min.
 - Daglegvare: Daglegvarebutikk / Grocery store: 350 m – 5 min.

- ATTRAKSJONAR**
- 1 Eid Kyrkje
 - 2 Malakoff / Festivalområde
 - 3 Norsk Fjordhestsenter
 - 4 Gravhaugane
 - 5 Sagastad
 - 6 Operahuset / kino / bibliotek
 - 7 Tverrgata
 - 8 Sagaparken / Badestrand /

Reisa til Fjordane

Du kan kome deg til skulen både med buss, bil, båt og fly.

BUSS

Det aller enklaste er å ta bussen. Det går direkteruter både frå Oslo og Bergen, og det er mogleg å reise frå Trondheim via Ålesund. Bussreisa frå Oslo tar 9,5 timar og frå Bergen ca 6 timar. Frå Trondheim, via Ålesund må ein reikne 9,5 timar reise.

FLY

Dei næraste flyplassane heiter Sandane lufthamn og Ørsta/Volda lufthamn, og det er Widerøe som flyr til og frå. Sandane lufthamn ligg 40 minutt frå skulen, inkludert ein fergetur. Det er mogleg å bestille flytaxi. Frå Ørsta/Volda lufthamn tar det i overkant av ein time med bil. Du kan ta rutebuss rett ved flyplassen.



Det er også mogleg å fly til Ålesund lufthamn Vigra, men då blir reisevegen mellom skulen og flyplassen ganske lang, ca 3 timar med bil. Det går flybuss frå Vigra til Moa, og deretter rutebuss frå Moa til Nordfjordeid.

BÅT

Frå Bergen kan du også ta hurtigbåten til Måløy. Det går rutebuss frå Måløy til Nordfjordeid.

BIL

Det er gode vegar i alle retningar, men hugs at på vestlandet er det ofte ferger, tunellar og fjellovergangar. Om du køyrer bil, oppmodar vi alltid om å samkøyre med andre elevar. Sosialt og miljøvenleg!

Bruk ein reiseplanleggar som for eksempel entur.no, eller sjekk buss-, båt- eller flyselskapa sine nettsider for rutedetaljar.



#skapdittbesteår



www.fjordane.fhs.no

